

## JØNDALSRUNDA.

Dette er ein tur som går i variert lende og med mange kulturminne. Når du skal gå denne runda, er det naturleg å starte ved brua der Ilka renn ut i Lågen. Du fylgjer forbygginga ( Ilkemuren ) på sørsida av Ilka oppover til øvre enden på denne. Ilka har vore sett på som ein trussel og vore årsak til store skader under fleire flommer. Den siste i 1938. I DOVREBYGDE 1998 frå side 23 kan du lesa om storflommen 1938. Det har vore lagt ned mykje arbeid med forbygging mot Ilka for å hindre store skader ved flom. Den forbygginga som står nå, vart forbetra frå fyrst på 1950-talet. Når du er ved øvre enden på Ilkemuren, svingar du til venstre og inn på eit godt råk. Du fylgjer dette eit stykke og svingar så til høgre og opp ein bratt bakke. Da er du komen opp på Høgranden. Sjå etter eit skilt som viser ein avstikkar til "Steinhoppet", eit permanent hopp bygd av stein for bruk om vinteren når det var hopprenn i "Bottfatet" Dette er ein del av jordet i Øvre Botten. Bakken var noko spesiell og det var visst mange luftige og dristige svev der. Det var ikkje uvanleg at det oppsto skader om ein var uheldig med nedslaget. Det var mykje liv og røre på denne plassen. Den var i bruk frå fyrst på 1930-talet og fram til sist på 1940 talet. Bakkerekorden skulle visst nok vera på ca.32 meter. Vidare kjøm du opp på Jettskjellen. Dette var eit husmannsbruk under Korshus. Her har det budd folk frå tidleg på 1700-talet og fram til fyrst på 1900. Denne plassen vart mykje brukt som markeds plass der folk møttes frå Vestlandet og Austlandet for å handle med fe. På Jettskjellen var det og festplass for jonsokfeiring. I BYGDABOK FOR DOVRE nr. 3 på side 359 kan du lesa meir om Jettskjellen og folket der. Du finn og interessant lesnad om Jettskjellen i DOVREBYGDE FOR 1997 side 55-56. Sjå og i DOVREBYGDE FOR 2006 side 39-40. God lesnad om Jettskjellen. Før du går vidare mot Jøndalen, kan du fylgje eit råk sørover eit stykke .Der treffer du på ei oppkomme med godt, kaldt vatn og eit "steinbrot." Om du finn ein stein som har innhoggje tal og bokstaver, så er det berre to lokale gutar som har stått for dette ein gong på 1970-talet. Altså ikkje noko meir mystisk enn dette. Men det blir nå kultur og historie av slikt og, fram i tida. Du tek same råket attende til Jettskjellen. Før du går vidare, er det interessant å ta med noko om Jettaløpet. Dette var eit turrenn som gjekk frå Dovre til Vågå, og omvendt annakvart år. Det fyrste antakeleg i 1937 og det siste rennet i 1954 med opphald under krigen 1940-1945. Her var det krevjande, enten løparane kom frå Vågå og skulle ned Jettlia , over Jettskjellen og ned i bygda. Eller stigninga når dei gjekk

frå Dovre til Vågå. Matstasjonen var ved Jettsæra. Sume gonger gjekk løypa om Jøndalen. Start og innkomst var på Dovre. Du finn god lesnad om Jettaløpet i DOVREBYGDE 1992 frå side 23. Harald Rudiløkken var løypesjef siste året Jettaløpet var arrangert (1954). Det var og halde slalåmrenn i lia opp for Jettskjellen. Frå Jettskjellen fortset du så innover mot Jettdalen/ Jøndalen. Nå ser du innover Jettdalen og konturen av Vinnberget. Høgt og bratt. Det er bru over Jettdalsbekken. Bekken startar frå Jetttjønn i Vågå. Etter Jettdalen med litt god stigning, flatar det ut og rundar over innerst på Tunga. Nå får du bra utsikt mot Jøndalsgardane og Jøndalssætrene. I Jøndalen er det 6 gardsbruk. Det er mykje som tyder på at det har vore utvinning av jern i Jøndalen. Kor lenge det har budd folk i dalen, er det ingen som veit sikkert. Det er på 1600-talet at ein tek til å få greie på busetjinga der. På turen vidare svingar du inn på Jøndalsvegen ved "Håmmårn" og fylgjer denne til grinda ved Søre Kolhusmoen. Her kan du ta ein annan veg i staden for bilvegen vidare. Du går Barmovegen opp til svingen og tar så av denne. Da kan du fylgje eit råk over Kleivberget som kjør fram att på Jøndalsvegen like før Bråtån. Nå passerer du eit skilt, "Bråtåvassvegen". Dette er eit råk som folket på Bråtå brukte da dei henta vatn nede i Ilka! (Tung vassveig) Du tek av frå bilvegen og går utover mot Bråtån. Dette var eit husmannsbruk under Søre Tallerås. Her budde det folk frå sist på 1700-talet og fram til ut på 1900-talet. Her vart det på 1950-talet bygd opp att ei hytte og ein stall på same murane som dei gamle husa sto. Det står att murar etter fjoset på plassen. I BYGDABOK FOR DOVRE nr. 3 på side 343 kan du lesa om Bråtån og folket der. Nå kjem du ut i Kollen. Noko bratt lende, men fint råk. Etter at råket flatar ut, kjør du etter kvart inn i eit område med elggraver. Ei av dei ligg like ved råket. Du fortset vidare nordover til du treffer på ein breiare veg, "Brattbakken" Dette er den eldste vegen frå nede i bygda og til Jøndalen. Du fylgjer denne til du er nede på flata att og vidare etter eit råk ned mot utgangspunktet for turen der Ilka renn ut i Lågen.

Lengde på JØNDALSRUNDA : 10 km. God tur!

*Jan Ove Jøndal.*